

Flygtningenævnets baggrundsmateriale

Bilagsnr.:	245
Land:	Indien
Kilde:	Landinfo
Titel:	India/Kina Indisk statsborgarskap for tibetanarer fødte i India mellom 1950 og 1987
Udgivet:	28. august 2014
Optaget på baggrundsmaterialet:	27. oktober 2014

Respons

India/Kina: Indisk statsborgarskap for tibetanarar fødde i India mellom 1950 og 1987

- Har tilgangen til indisk statsborgarskap for tibetanere født i India endret seg etter dommen i Dolkar-saken i 2010?

Retten til statsborgarskap

Den indiske statsborgerskapslova slår fast at “[e]very person born in India, (a) on or after the 26th day of January, 1950, but before the 1st day of July, 1987; [...] shall be a citizen of India by birth” (Citizenship Act, §3(1)(a)).

Dertil kan einkvar person som har budd lovleg i India (*ordinarily resident in India*) i minst 12 år (*throughout the period of twelve months immediately preceding the date of application and for eleven years in the aggregate in the fourteen years preceding the twelve months*), og som oppfyller dei andre spesifikasjonane i seksjon 3, få (*acquire*) statsborgarskap (Federal Office for Migration 2013; Ministry of Home Affairs u.å.).

Sjølv om denne retten til statsborgarskap står klårt skrive i lova, er han ikkje alltid enkel å gjere hevd på. Ifølgje ein ikkje namngjeven jusprofessor og spesialist på indisk lov ved Touro College i New York, så har få, om nokon, tibetanarar greidd (*been able to*) å oppnå indisk statsborgarskap. Professoren antek at dette skuldast at tibetanarar fødde i India før 1989, ikkje fekk registrert fødselen sin offisielt i det indiske folkeregisteret og at fødselsprova deira difor ikkje vert godkjend av indiske styresmakter (IRB 2009). Han legg til:

It would be the highly unusual case where a Tibetan has been able to secure citizenship. There are occasional reports of Tibetans securing citizenship by bribes or some ties to the Indian government, but these reports are unsubstantiated.

Professoren hevdar at trass i bestemminga i Statsborgarlova som slår fast at einkvar person fødd i India mellom 26. januar 1950 og 1. juli 1987, er borgar av India, så er det “exceedingly difficult, if not impossible” for tibetanske flyktningar å verte indiske statsborgarar. Ein reknar i staden at dei høyrer til under Utlendingslova (*Foreigners Act*).

I tillegg krev indiske styresmakter eit såkalla “no objection certificate” frå den tibetanske eksilregjeringa i Dharamsala (*Central Tibetan Administration*, CTA) for at ein tibetantar skal få statsborgarskap ihht Statsborgarlova sin seksjon 3. Ein del tibetanarar gjev uttrykk for tvil

Respons **India/Kina: Indisk statsborgarskap for tibetanarar fødde i India mellom 1950 og 1987**

rundt CTA si vilje til å utstede dette, men professoren ved Touro College meiner at tvilen er grunnlaus. Både han og CTA ser ut til å meine at hovudproblemet er at indiske styresmakter ikkje godtek fødselsprova til tibetanarar fødde i India før 1989, som nemnt over.

Ifølgje IRB (2009) har også USA sin ambassade i New Dehli uttalt at “Tibetans born to Tibetan (non-Indian citizen) refugee parents between 1950 and 1986 (sic) do not automatically receive citizenship at birth”. Derimot kjem det stundom uheimla rapportar om at einskilde tibetanarar har fått statsborgarskap ved å betale muter på kring 50 000 rupi (om lag NOK 6000/USD 1000).

Dolkar-saka

I desember 2010 dømde High Court of Delhi til fordel for Namgyal Dolkar i ei sak mot det indiske utanriksdepartementet. Dolkar var fødd i India av tibetanske foreldre i april 1986, men hadde fått søknaden sin om indisk pass avslått av indiske styresmakter. Departementet hadde avslått søknaden fordi den indiske Passlova stipulerer at ein person berre kan inneha eitt pass eller reisedokument, og Dolkar hadde allereie eit indisk *Identity Certificate* (IC) som teller som eit reisedokument¹. I tillegg anførde departementet at Dolkar ikkje såg seg sjølv som indisk borgar sidan ho hadde oppgitt “tibetansk” som nasjonalitet i søknaden. Departementet uttalte også at tibetanske borgarar (*Tibetan nationals* (sic)) som kom til India etter mars 1959, ikkje var garantert statsborgarskap ved naturalisering under Statsborgarskapslova sin seksjon 6(1).

High Court of Delhi slo derimot i domen fast at Seksjon 6(1) ikkje var relevant i denne saka og at under Seksjon 3(1)(a) av den reviderte Statsborgarlova av 1986, var Dolkar “undoubtedly an Indian citizen by birth”. High Court gav att Seksjon 3(1)(a) slik:

3. Citizenship by birth:- (1) Except as provided in subsection (2), every born in India, (sic) -(a) on or after the 26th day of January 1950, but before the 1st day of July, 1987. Shall be a citizen of India by birth. (India 22 Dec. 2010, No. 23).

Dolkar hadde ifølgje domen krav på pass og trengte ikkje søke om statsborgarskap ettersom ho kvalifiserte automatisk (IRB 2011).

Følgjer av domen

Trass i denne domen framheld USA sitt utanriksdepartement i sin “Country Report for Human Rights Practices” for 2013 at “[e]thnic Tibetans sometimes faced difficulty acquiring citizenship although they met legal requirements” (USDS 2014). I august 2013 uttala Tibet Justice Center (TJC), en frivillig organisasjon basert i USA, til IRB (2013) at deira research etter 2011 tyder på at indiske styresmakter held fram med å handsame tibetanarar fødde i India mellom 26. januar 1950 og 1. juli 1987 som utlendingar og ikkje statsborgarar, trass i domen frå High Court i Delhi:

Whilst Namgyal Dolkar was successful in her landmark case for gaining Indian citizenship, we are not aware, based on both our research and discourse with other Tibetan groups, and lawyers including Namgyal Dolkar's own attorney, of any other Tibetans in India who have received proof of citizenship, or who have been treated as an Indian citizen, based on the High Court's judgment.

¹ For meir om det indiske Identity Certificate for utlendingar busett i India, sjå Landinfo (2014).

TJC hevdar at retten til statsborgarskap i stor grad kun er teoretisk og at det stadig er “svært vanskeleg” for tibetanarar å få indisk statsborgarskap fordi

1. The Indian authorities continue to treat Tibetans as foreigners, and 2. There is an unwritten policy of the Central Tibetan Administration to not release No Objection Certificates (IRB 2013).

TJC meiner altså fortsatt at CTA er tilbakehaldne med *No Objection*-sertifikata.

Al Jazeera rapporterte i april 2014 at India sin valkommisjon i februar same år beordra alle delstatar om å skrive inn tibetanske eksilantar fødte mellom 1950 og 1987 i vallistene sine (Soumya 2014). Dermed kan dei i framtida truleg røyste sjølv om dei ikkje er indiske statsborgarar.

Det kan tilføyast at ein del tibetanarar ikkje vil ha indisk statsborgarskap, men nøyer seg med registrering som tibetanarar og med indisk Identity Certificate i staden for indisk pass. Dette kan ha å gjere med at mange av tibetanarane som bur i India, vonar å ein gong kunne vende attende til eit sjølvstendig Tibet, og då ynskjer dei å gjere det som tibetanarar, ikkje som indiske borgarar.

Tenzin Tsundue, ein eksiltibetansk poet og aktivist, uttalde i mai 2014 til The Guardian at: “We are not immigrants, but political refugees waiting to return home. We cannot settle in exile; our rights are in Tibet, not in India. Indian citizenship may be personally beneficial, but it will leave us divided, culturally diluted and finally get us killed by complacency” (Sehgal 2014).

Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om. Landinfo sine rapportar og temanotat er baserte på opplysningar frå både åpne og anonyme kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standardar.

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema, og kjeldegrunnlaget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre. Responsar er utarbeidde med knappe fristar og inneheld gjerne lite bakgrunnsinformasjon.

Opplysningane som blir lagde fram i responsane, kan ikkje takast til inntekt for eit visst syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Responsane er heller uttrykk for norske styresmakters syn på dei tilhøva og landa som omtalast.

Referansar

Skriftlege kjelder

- Citizenship Act (1955, 30. desember). *Citizenship Act*. Tilgjengeleg frå Ministry of Home Affairs, Government of India http://mha.nic.in/sites/upload_files/mha/files/pdf/ic_act55.pdf [lasta ned 25. august 2014]
- Federal Office for Migration (2013, 30. juni). *The Tibetan Community in India*. Bern: Federal Office for Migration. Tilgjengeleg via Refworld <http://www.refworld.org/docid/533a80ea4.html> [lasta ned 25. august 2014]

Respons **India/Kina: Indisk statsborgarskap for tibetanarar fødte i India mellom 1950 og 1987**

- IRB, dvs. Immigration and Refugee Board of Canada (2009, 8. desember). *India/China: Whether Tibetans can obtain Indian citizenship*. Ottawa: IRB. Tilgjengeleg via Refworld <http://www.refworld.org/docid/4dd11ac12.html> [lasta ned 25. august 2014]
- IRB (2011, 14. april). *India: The 22 December 2010 Delhi High Court ruling that Namgyal Dolkar, a Tibetan woman born in India, is entitled to claim Indian citizenship by birth, as per the Citizenship Act*. Ottawa: IRB. Tilgjengeleg via Refworld <http://www.refworld.org/docid/50b48ebc2.html> [lasta ned 25. august 2014]
- IRB (2013, 15. august). *India: Citizenship recognition for Indian-born children of Tibetan refugees in the context of the 22 December 2010 Delhi High Court Ruling; whether it has become procedural or if it requires legal action (2011-August 2013)*. Ottawa: IRB. Tilgjengeleg via Refworld <http://www.refworld.org/docid/525e4e854.html> [lasta ned 25. august 2014]
- Ministry of Home Affairs (u.å.): *Procedure for applying online for Indian citizenship*. New Dehli: Ministry of Home Affairs. Tilgjengeleg frå http://indiancitizenshiponline.nic.in/Ic_GeneralInstruction.pdf [lasta ned 25. august 2014]
- Landinfo (2014, 29. juli). *Landinfo respons India/Kina: Reisedokumenter for mindreårige tibetanere*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg frå http://landinfo.no/asset/2931/1/2931_1.pdf [lasta ned 25. august 2014]
- Sehgal, S. (2014, 7. mai). Tibetans-in-exile divided over right to vote in Indian elections. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <http://www.theguardian.com/world/2014/may/07/tibetans-in-exile-india-elections-right-to-vote> [lasta ned 25. august 2014]
- Soumya, E. (2014, 7. april). Tibetan exiles prepare to vote in India. *Al Jazeera*. Tilgjengeleg frå <http://www.aljazeera.com/indepth/features/2014/04/tibetan-exiles-prepare-vote-india-20144261651986440.html> [lasta ned 25. august 2014]
- USDS, dvs. U.S. Department of State (2014, 27. februar). *Country Reports on Human Rights Practices for 2013. India*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.state.gov/j/drl/rls/hrrpt/humanrightsreport/index.htm?year=2013&dldid=220392> [lasta ned 25. august 2014]

© Landinfo 2013

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.